

17.10.2010

Rosendal-tap også i siste kamp



Frank Mehl ordnar opp i mål. (Foto: Romar Skeie Olsen)

Rosendal med uskedelingen Ivar Gundersen som trenar tapte også den siste seriekampen på Møhlenpris i Bergen laurdag og kom nest sist med 11 poeng på tabellen.

Dermed rykkar laget ned i 5. divisjon.

I haust har også ein uskedeling spela på laget - det er Tommy Røsslund. Men han var ikkje med laurdag.

Keeper Frank Mehl meiner svakt dommararbeid og kortslutning i Rosendal-forsvaret var grunnen til tapet med 4-2 for Djerv. Rosendal leia med 1-0 ved pause, men på sju minutter vart 0-1 til 3-1. Mehl meiner at gjestene fekk ei feildømt straffe mot seg i tillegg til ein corner og det vart mål av begge situasjonane. Frode Havnerås og Sindre Omvik scora for Rosendal. denne gongen.

Trass i alt er laget ved godt mot, forsikrar Mehl Kvinnheringen. Han håpar i alle fall på ein månads pause før oppladinga til 5. divisjon og meiner det hadde vore like greitt å spela der også i år. Då hadde kampane vorte jamnare. På grunn av laga som skal ned blir det tøffare i 5. divisjon neste år.. Valestrand Hjellvik vann med eitt poeng foran Loddefjord medan Djerv og Radøy/Manger kom på tredje plass.